

LÆRDAL BORGUND NÆRBUTIKK

Nærbutikken i Borgund skal bli sjølvbetent: – Skal me ha ein butikk i bygda kan dette vera den einaste måten



BAK KASSA: Det skal framleis stå folk her på dagtid, men no håpar Arnhild Marie Kvamme at det kan vera mogleg å få handla utanom opningstida òg. Foto: Svein Erik Hovland

Av [Svein Erik Hovland](#)

Publisert:

28.04.23 05:00 ▾

Del

Eit folkemøte om «Bui» si framtid gav ny giv. No har kommunen løyvd 300 000 for å få realisert prosjektet.

 For abonnentar

– Eg var i utgangspunktet kritisk til å gjera dette. Eg føler det er litt upersonleg å ikkje møta kundane.

Eigar og dagleg leiar ved Borgund Nærbutikk, Arnhild Marie Kvamme, trur likevel at overgang til delvis sjølvbetent butikk er naudsynt viss bygda med om lag 250 innbyggjarar skal behalda tilboden.

– Når me har vore på samlingar med andre nærbutikkar har dei tilrådd denne løysinga. Dei har opplevd auka omsetjing og vore veldig nøgde, seier Kvamme og viser til dei gode erfaringane ein har gjort seg med same ordning på Veitastrondi.



[LES OGSÅ](#)

Arnhild (29) er pilot og ingeniør, men tek no over familiebutikken: – Måtte nesten krangla meg til det

Handelslekkasje

Ein var på mange måtar kome til eit vegskilje no. Det er ikkje til å leggja skjul på at omsetjinga på butikken har gått nedover den siste tida. Omlegginga av europavegen har gjort sitt. I tillegg er det ein betydeleg handelslekkasje til dei større kjedebutikkane på Lærdalsøyri. Sjølvsagt spelar òg økonomi inn.

– Det eit voldsomt prisfokus i media. Me kan ikkje konkurrera med bleieavtalar og prisar hjå dei store kjedene. Pilene peika vel litt nedover.

Kva gjer ein då?

Ein arrangerer folkemøte.

Tala nærbutikken si sak

– Me hadde lyst å høyra med bygdefolk om kva dei vil og ynskjer. Kor viktig det var å behalda butikken for dei. Me opna for at me kan leggja ned. Det er ikkje først og fremst for vår eigen del og for å tena pengar me driv. Me gjer dette for bygda, seier Kvamme.

At borgyndene ynskjer å behalda butikken sin var tydeleg. Mange møtte opp og tala nærbutikken si sak. Og dei fleste stilte seg positive til varianten med delvis sjølvbetjening – opningstidene vart nemleg peika på som eit hinder for at folk handla i Borgund.

– Eg hadde ein god følelse etter møtet og me har hatt god handel i tida etterpå. Det handlar kanskje litt om bevisstgjering: vil ein ha tilboden eller ikkje?

– *Er sjølvbetjening eit vera eller ikkje vera for butikken?*

– På ein måte. Omsetjinga må opp. Me kan ikkje tvinga folk til å handla her, men kanskje ei slik løysing gjer det lettare for folk å koma innom når det passar. Skal me ha ein butikk i bygda kan dette vera den einaste måten.



DRAUMEKUNDEN: Solveig Gram handlar alt, absolutt alt, av daglegvarer på Borgund. Det bør resten av bygdefolket og gjera, meiner ho. Foto: Svein Erik Hovland

Draumekunden

Ei som ikkje er avhengig av sjølvbetjeningsløysing, men har sterke meininger om butikken si framtid, er Solveig Gram.

- Eg er heilt avhengig av den. Me må ha butikk her, slår ho fast og legg til:
- Eg kjem frå Øyri no, men måtte innom for å handla. Eg handlar alltid her.
- Dette er draumekunden, kjem det med eit smil frå Kvamme i bakgrunnen.

Gram meiner at ei nedlegging ville fått katastrofale konsekvensar for lokalsamfunnet.

- Utan butikken døyr bygda. Me må bruka den! Ein må ha mista noko for å forstå kor viktig det var.

Den risikoene meiner ho ein ikkje har råd til å ta.



LITT I BAKLEKSA: Etter at vegen vart lagt om har omsetjinga gått ned. Arnhild Kvamme håpar utvida opningstider og betre skilting kan avhjelpe på dette. Foto: Svein Erik Hovland

Dyrt

Totalkostnaden med å byggja om til sjølvbetjening ligg rundt ein million kroner.

Eit stort løft for ein liten butikk. Difor gler Kvamme seg over vedtaket i formannskapet torsdag føremiddag.

Eit tilskot på 300 000 kroner gjer vegen fram mot målet litt enklare.

– Eg er utruleg glad for vedtaket, det er storslege, seier ho med eit stort smil.

– Me skal òg søkja om tilskot frå Merkur-programmet, men det er mange om beinet. Det er mange nærbutikkar som tenkjer i slike baner no og det er mindre pengar å fordela, legg ho til.

Maksimal utbetaling frå Merkur er 600 000, men kor mykje det eventuelt blir derifrå veit ho ikkje.

– Eg driv på med budsjett og innhenting av tilbod no. Søknaden blir sendt så fort det er råd. Me må nok belaga oss på å spydda inn noko sjølve òg.

Går det økonomiske i orden, reknar Kvamme med at ein kan vera i gang med ombygginga på seinsommar/tidleg haust.

Merkur-Programmet

- Merkur-programmet er Kommunal- og distriktsdepartementets program for å utvikla og styrka butikkar i Distrikts-Norge. Programmet er ein del av Distriktsenteret.
- Målet er å sikra folk i distriktet tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk og bokhandel med god kvalitet.
- Merkur har 10 konsulentar som gir kjøpmenn opplæring og rådgjeving.

- Merkur arbeider for at butikkane skal få tilleggstenester som aukar lønsemada og gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester




AVLEGS: Går alt vel treng dette skiltet snart å oppdaterast. Foto: Svein Erik Hovland

Ikkje døgnope

Borgund Nærbutikk har i dag ope 10-17 på kvardagar og 10-15 på laurdag. Med den nye løysinga, innlogging med bankkort i døra, fingeravtrykk på øl og tobakk og skanning av kvittering på vegen ut, kan ein i teorien ha døgnope.

Men det ser Kvamme på som lite aktuelt.

- Andre har gjort seg erfaringar og det kastar lite av seg. Dessutan er eg litt skeptisk til at folk skal handla på veg heim frå puben, seier ho med eit smil.
- Me har ikkje lyst å ha nachspiel her heller.



Les meir om: [Lærdal](#) [Borgund](#) [Nærbutikk](#)

LES OGSÅ

I sommar byrja Richard med noko nytt, responsen har vore imponerande: - Dette er framtida

[Sjå kommentarar](#)[Fleire saker](#)

MC-ane er tilbake på vegane: – Det er me som blir skadde i ei trafikkulukke, sjølv om det er bilisten som har feil



Norway's Best. På nynorsk?



**Her vil båtlaget laga fleire plassar:
- Har over 50 på venteliste**



+

Heime hjå Kathrine og Benjamin har dei grønt bad, burgunder stove, rosa vegger og lyseblått kjøken



+

No har han snart industri�en: - Då eg byrja låg me på eit heilt anna



Kommentarer til denne saken

Til toppen

Sogn Avis

Ansvarleg redaktør: [Arve Uglum](#) • Adresse: Stedjevegen 38, 6856 Sogndal • Sentralbord: 57 65 60 00
• [Personvernpolicy / Informasjonskapsler](#) • [Redaktørplakaten](#) • Utgitt av AS Sogningen/Sogns Avis

Sogn Avis © 2023

